



Kap. 226 post 21- støtte til digital heimeundervisning- 2021

Stortinget hadde i revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2020 gitt løyingar til å styrke infrastruktur og kompetanse i kommunar, samt tiltak i kommunar og fylkeskommunar for å bøte på levekårsutfordringar som er til hinder for heimeundervisning.

Også for 2021 er det løyvd midlar til dette som for Møre og Romsdal sin del utgjer kr. 3 237 000,- Kunnskapsdepartementet har fastsett retningslinjer for Statsforvaltaren si forvaltning av tilskotsordninga. Informasjon til tilskotsmottakarar går fram av dette kunngjeringsbrevet frå Statsforvaltaren.

Målformulering

Målet med tilskotsordninga er å legge til rette for digital heimeundervisning i samband med Covid-19-utbrotet, gjennom å:

- styrke digital infrastruktur og system, samt kompetanse på drift av desse
- bidra til utjamning av levekårsforskjellar, der desse er til hinder for digital heimeundervisning

Tilskotsmottakarar

Tilskotsmottakarar er kommunar og fylkeskommunar.

Tilskotsmottakarar

Tilskotsmottakarar er kommunar og fylkeskommunar.

Målgruppe

Målgruppa for tilskotsordninga er elevar/lærlingar/lærekandidatar, inkludert vaksne, og lærarar i offentlege grunn- og vidaregåande skolar i Noreg.

Kriterium for tilskot

Tilskotsordninga er ei skjønnsmiddelordning, dvs. at Statsforvaltaren gjer ei heilskapleg vurdering av innkomne søknader, og at vi vektlegg kommunane og fylkeskommunen sine behov i vår tildeling.

Ved utfylling av søknadsskjema må søkeren svare «ja» på at kriteria er oppfylt. Det vil vere eit krav at:

- infrastruktur som blir anskaffa skal legge til rette for ein situasjon med undervisning heime
- løysingar og utstyr som blir anskaffa skal legge til rette for kommunikasjon mellom lærar og elev

Ordinære driftsutgifter knytt til felles løysingar/infrastruktur blir ikkje dekt av ordninga.

Utjamning av levekårsforskjellar, der desse er til hinder for digital heimeundervisning, er som tidlegare nemnt eit mål for ordninga. Dette medfører at det kan søkast om følgande utstyr:



- Datautstyr
- Robot for kommunikasjon i sanntid (AV1)
- Utstyr for strømming av undervisning
- Lisensar for videokommunikasjonsløysingar
- Lisensar spesifikt knytt til heimeskule
- Kompetansetiltak og kjøp av naudsynt kompetanse
- Støtte til oppsett og drift av infrastruktur

Tilskotet gjel ikkje for

- Friskular. Det er ei eiga ordning i regi av Utdanningsdirektoratet.
- Vaksne i introduksjonsordninga, som ikkje er deltakar i grunn- eller vidaregåande opplæring for vaksne.
- Kjøp av digitale lærermiddel. Her finst andre tilskotsordningar i regi av Utdanningsdirektoratet.

Det må det gå fram av søknaden kor mange einingar det blir søker om og kva for årssteg det søker for.

Søknadsprosedyre

Kommunar og fylkeskommunen søker Statsforvaltaren om støtte. Søknaden er digital, og denne lenka kan nyttast:

https://forms.office.com/Pages/ResponsePage.aspx?id=jqVvI NR-kuai1c9mFpBhgDeGr4lcA5II FbIHWbyr0ZUOTBURzA5UDBH_SFpKMDhZMTc4TUg4Nkk4Ty4u

Søknadsfrist: torsdag 15. april 2021

For seint innkomne søknader kan bli avslått.

Det blir ikkje gitt tilskot til allereie gjennomførte tiltak. Søknader om digitale lærermidler blir ikkje dekt i denne ordninga.

Kontrollrutinar

Statsforvaltaren kan etter ei vurdering av risiko setje i verk stikkprøver om tilskotet er brukt i samsvar med føresetnadene for ordninga.